

FALCK MONICA DOKSÆTER
GODALSVEGEN 48
5355 KNARREVIK

ADRESSE COWI AS
Sandvenvegen 40
5600 Norheimsund
TLF +47 02694
WWW cowi.no

DATO 3. desember 2014
SIDE 1/2
REF vos
OPPDAGSNR A051285

Til grunneigarar, rettshavarar og samarbeidande planstyresmakter
**Varsel om oppstart av detaljreguleringsplan for hovudavløpsrenseanlegg
Storenipa, Fjell kommune - varsel om påbyrja planarbeid**

I medhald av *Lov om planlegging og byggesaksbehandling § 12-8* varslar vi på vegne av FjellVAR AS at det er påbyrja arbeid med detaljreguleringsplan for hovudavløpsrenseanlegg ved Storenipa, Fjell kommune. Tiltaket er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak den 28. november 2013, sak [119 /2013](#).

Det er utarbeidd ei rad utgreiingar og rapportar som underlag til saka. Sjå https://www.fjell.kommune.no/Om_Fjell/Planar/Nytt-hovudreinseanlegg-pa-Litlesotra/

- [Plandokument - delrapport 1 - Overføringsanlegg revisjonJ02](#)
- [Plandokument - delrapport 2 ventilasjon Luktrensing og Energi revJ02](#)
- [Plandokument - delrapport 3 -Luktspredning revJ03](#)
- [Plandokument - delrapport 4 - Prosessløyising](#)
- [Plandokument - delrapport 5 -Biogassanlegg-B01](#)
- [Plandokument - delrapport 6 -Avløpsmodell](#)
- [Plandokument - delrapport 7 - Hovedrapport-J03](#)
- [Plandokument - delrapport 8 - Ingeniørgeologi J01](#)
- [Plandokument - delrapport 9 -Luktspredning fjellanlegg revB02](#)
- [Plandokument - delrapport 10 -Hovedrapport-J02 fjellanlegg](#)

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for avløpsrenseanlegg i fjellhall, avløpstunnel, tilkomstveg (om lag 230 m knytt til Fv. 209), mellombels steinknuseverk og eventuelt pumpestasjon og administrasjonsbygg. Tiltaket viser på vedlagt kartutsnitt. Eigedomane som kan verta råka av tiltaket er også vist i kartet – varslingsområde. Hovuddelen av tiltaket vert bygd under bakken. Omfanget av tiltaket vert om lag:

- Tilkomstvegen er ca. 200 m
- Tilkomsttunnelane er til saman 300 m (ca 400 m med transporttunnel parallelt med renseshallen)
- Fjellhallen er om lag 3000 m² (150 m lang / 20 m brei)
- Utsleppstunnelen er ca. 1850 m

Tiltaket er i strid med gjeldande kommuneplan, arealdelen og vert plassert i landbruk-, natur- og friluftslivsområde der natur er vektlagt, og under eksisterande bustadområde. Planarbeidet utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing etter forskrifta. Aktuelle konfliktområde kan vera konsekvensar for naturmiljø (vassdrag) over fjellanlegget. Det vil i samband med planarbeidet verta utgreidd tilhøve som gjeld geologi, hydrogeologi, naturmangfald og kulturminner.

Tiltakshavar vurderer det som ikkje vesentleg at tiltaket vert planlagt i strid med føremåla i kommuneplanen, arealdel, då det meste av tiltaket vil liggja under bakken (sjølve

avløpsrenseanlegget og avløpstunnel). Denne delen av tiltaket vil i difor ikkje direkte råka føremåla i kommuneplanen. Tilkomsveg og påhoggsområde for anlegg/tunnel vil liggja i dagen.


Denne kunngjeringa kan også sjåast på www.fjellvar.as og www.fjell.kommune.no og www.cowi.no. Planfagleg rådgjevar er COWI AS.

Eventuelle synspunkt, merknader, opplysningar mv av interesse eller betydning for planarbeidet kan sendast skriftleg til COWI AS, Postboks 2422, Solheimsviken, N-5824 Bergen, på e-post til vos@cowi.no innan **fristen 9. mars 2015**. Eventuelle spørsmål til planarbeidet kan rettast til COWI AS ved Vidar Østerbø, tlf 95 23 38 71. Alle mottekne merknader følger saka når framlegget til detaljreguleringsplan vert sendt til Fjell kommune for saksbehandling. Når planen deretter vert utarbeidd, vil den verta behandla i Fjell kommune og sendt på høyring/lagt ut til offentleg ettersyn i seks veker.

Med helsing
for COWI AS

Vidar Østerbø

Kartutsnittet viser tiltaket og varslingsområde:



Kartet viser varslingsområde (omlag 1.53 km²). Dei deler av tiltaket som er vist med raudt er planlagt plassert under bakken.